



# Stopp Veisaltingen

## Interesseorganisasjon mot veisalting i Norge

Hol 19.mars 2007

TAUS VEGDIREKTØR

Ope brev til vegdirektør Olav Søfteland

Etter at vi fleire gonger denne vinteren skriftleg har tatt kontakt med vegdirektøren, utan å få svar, sender vi no eit ope brev med tre spørsmål. Vi reknar med at også vegdirektøren som offentlig tenestemann er omfatta av forvaltningslova, og at han snarast råd svarar oss på det vi spør om.

- 1 I Sverige har det svenske Vegverket dei siste ti åra halvert bruken av vegsalt i samband med vintervedlikehaldet etter vegane. Dette har gjeve svært positive resultat på ulykkesstatistikken. Talet på ulykker har gått tilsvarande ned i takt med reduseringa av bruken av vegsalt. - I Norge går Statens Vegvesen den motsette vegen, stikk i strid med det dei sjølve hevda i 2001. Her har bruken av vegsalt auka dramatisk dei siste åra, faktisk fordobla i løpet va nokre år, og talet på vinterulykker for 2006 viste faktisk ein auke! Ny topp vart nådd! går oppover. Dette er tragisk, og viser tydeleg at SINTEF-rapporten som Statens Vegvesen ukritisk støttar seg til, ikkje held mål.  
Når vi veit dette, korleis kan vegdirektøren oversjå all kritikk og så hardnakka halde fast på denne "barvegstrategien" som vinterdrift?
2. Vegdekket på riksvegane i Hallingdal er no mange stader i svært dårleg forfatning. Vegsaltet er i ferd med å ta knekken på asfalten. Dette innrømmer vegvesenet. Her er djupe spor, hol og langsgåande sprekkar blir stadig større. Store mengder vegsalt blir heile tida spreidd utover vegbanen. Køyreforholda blir stadig vanskelegare. Den sterkt salta Rv7 er den tredje mest ulykkesbelasta riksvegen i landet.  
Korleis kan vegdirektøren sitja å sjå på at dette skjer, og kva er meininga med dette?
- 3 Fleire av innbyggjarane langs Rv7 og Rv52 har fått vasskjeldene sine øydelagt. Vegvesenet har innrømt at vegsaltet er årsaka. Erstatning er lova. Men dette dreg ut. Ein hustand i Hol må no på andre vinteren få tilkøyrt vatn av kommunen til sitt daglege forbruk.  
Kan Statens vegvesen leggja fram skrifteleg dokumentasjon på at dei har lov til å forureina annan manns eigendom?
- 4 EU har innført eit nytt vassdirektiv som Norge i henhold til EØS-avtalen er forplikta til å innføre. Hovudmålet med direktivet er å beskytte og om nødvendig forbedre vasskvaliteten samt å gje gode livsvilkår for dyr og planter i vassdrag, grunnvatn og

Stopp

Veisaltingen, avdeling Hallingdal

Kjell Gunnar Haugen  
3576 HOL

telefon: 481 07 857

e-post: [kj-haug4@online.no](mailto:kj-haug4@online.no)

nett: [www.stoppveisaltingen.no](http://www.stoppveisaltingen.no)  
org.nr.: 999 496 560



innsjøar. Vasskvaliteten skal med andre ord ikkje forringast av menneskelege aktivitetar.

Vegvesenet har sjølv fått utarbeida ein rapport som stadfestar at mange innsjøar er kraftig forurensa som følge av vegsalting.

Korleis vil vegvesenet oppfylle krava i direktivet om ikkje å forureine vasskjelder, vassdrag og innsjøar?

Med helsing

Stopp Veisaltingen avdeling Hallingdal

Sign

Kjell Gunnar Haugen

Sign

Torstein Gjeldokk

Ps/

Me får ofte spørsmål frå engasjerte trafikantar som er imot salting av vegane. Mange spørsmål har me stilt til vegmyndigheitene, ofte utan å få noko avklarande svar. Av den grunn sender me eit ope brev med fire konkrete spørsmål til vegdirektøren, som me ber han svare oss på.